

Espeland kraft AS (SUS)
v/Ola Espeland
Espeland
5763 SKARE

Vår dato: 22.09.2016
Vår ref.: 200801991-33
Arkiv: 312 / 048.EO
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Brit Torill Haugen

Espeland kraftverk i Odda i Hordaland - vedtak om å avslutte søknaden på grunn av arealkonflikt med bygging av ny riksveg 13.

NVE syner til søknad av 09.05.2011 frå Ola Espeland på vegne av Espeland Kraft AS (SUS) om løyve til å bygge Espeland kraftverk i Odda kommune i Hordaland.

Bakgrunn

Søknaden av 09.05.2011 vart sendt på høyring av NVE den 22.07.2011 med høyringsfrist den 29.09.2011. Det kom totalt inn 6 høyringsfråsegn. Ei av fråsegnene la føring for den vidare handsaminga av Espeland kraftverk i NVE. Dette var fråsegna frå Statens vegvesen, datert 13.09.2011. I fråsegna informerer vegvesenet om at det er starta opp planar om ny riksveg 13 gjennom Oddadalen, og at søknaden om Espeland kraftverk vil koma i konflikt med planane for ny veg. Vegvesenet ber vidare om at det ikkje blir gjort noko avgjerd i saka om Espeland kraftverk før kommunedelplanen i Odda kommune er vedteke våren 2012. Dei varslar motsegn om ikkje dette blir teke omsyn til. Den 15.05.2013 vart Espeland kraftverk synfart av NVE og høyringspartar.

NVE avventar ei avklaring frå Statens Vegvesen, og etterlyser den 26.09.14 ei oppdatering i saka om ny riksveg 13 gjennom Oddadalen. Den 06.05.2015 blir forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing av riksveg 13 gjennom Oddadalen lagt ut på høyring til den 01.07.15. Det blir i samband med dette informert om at det er forventa ei avgjerd i løpet av hausten 2015.

Den 24.11.15 får NVE ein e-post frå søker Ola Espeland som har vidaresendt vedtaksbrevet frå Odda kommune om vedteke kommunedelplan for Oddadalen. Odda kommune tilrår at det blir utarbeidd reguleringsplan med utgangspunkt i alternativ 2. Utarbeiding av desse reguleringsplanane ligg i dag hjå Statens vegvesen. I fylgje prosjektansvarleg Per Steinar Nedkvitne hjå Vegvesenet er det ikkje gjeve noko tidspunkt for når dette arbeidet skal byrje eller ferdigstillast. Vegprosjektet ligg ikkje inne i gjeldande Nasjonal transportplan (2014-2023). Ei heller i den neste Nasjonale transportplan (2018-2029) som var på høyring fram til 1. juli 2016. Denne transportplanen skal endeleg godkjennast våren 2017.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vegtrase riksveg 13 gjennom Oddadalen - Alternativ 2 er presentert slik i konsekvensutgreiinga og i vedtaket frå Odda kommune:

«Alternativet er likt med alternativ 1 fram til tunnelinnslaget til Hildal. Tunnellen vidare har her 4,11% stigning opp til Espeland som ligg i vestre dalside vis-a-vis Låtefossen. Her går vegen 550 m i dagen før alternativet held fram i tunnel til same kryssingspunkt ved E 134 som alternativ 1. Løysinga for gåande og syklande blir lik som for alternativ 1. Ved Espeland ligg vegen i dagen som gir høve til utvikling av eit utsiktspunkt mot Låtefossen. Her vil og vegen til Skare kople seg på ny rv. 13.»

Det er altså planlagt at riksvegen skal gå i tunnel gjennom Oddadalen med unntak av ved Espeland der vegen skal gå i dagen før den på nytt skal gå i tunnel. På denne 550 m lange strekningen der vegen er framme i dagen er det planlagt å etablere eit vegkryss og eit utsiktspunkt mot Låtefoss.

NVE sin vurdering

Espeland kraftverk har planlagt å nytte eit fall på 138 meter med inntak på kote 422 og med kraftverk på kote 284. Kraftstasjonen er planlagt like nedanfor eksisterande gardsveg, ovanfor fossefallet som renn bratt ned i dalen der riksveg 13 går nå i dag. Ved etablering av ny riksveg 13 vil vegen koma fram i dagen nedanfor garden Espeland og det skal etablerast eit kryss og eit utsiktspunkt mot Låtefoss over ei strekning på 550 m. Etter 550 m skal vegen på nytt inn i tunnel. Slik det ser ut på dei førebels planane (vedlegg 1) er både utsiktspunktet og det nye vegkrysset plassert meir eller mindre på staden der kraftverket er planlagt ved kote 284. Rørgata vil og måtte krysse veg/kryss/utsiktspunkt.

NVE meiner ut frå dei førebels planane at det er svært sannsynleg at det vil bli ei arealkonflikt med bygging av veg, sidan minikraftverk og veg vil nytte det same området. Ei full oversikt over arealet vil ein ikkje få før reguleringsplanane er på plass, og etter det NVE kan forstå kan det ta svært lang tid før desse er på plass.

Krava til sakshandsaminga etter forvaltningslova, gjer at søknader ikkje kan ligge på vent i ubestemt tid. I forvaltningslova § 11a står det at saka skal førebuast og handsamast «uten ugrunnet opphold». Omsynet til effektiv ressursbruk i forvaltninga tilseier at vi bruker ressursar på prosjekt som er mogleg å realisere. Det er derfor eit ynskje å avslutte handsaminga av prosjekt som ein vurderer som uaktuelle eller ikkje realiserbare.

NVE meiner at det på bakgrunn av dei førebelse planane om ny veg er svært sannsynleg at Espeland kraftverk ikkje let seg realisere på grunn av arealkonflikt, og at det derfor er grunnlag for å kunne avslutte søknaden.

Vedtak

NVE avsluttar med dette handsaminga av søknaden frå Ola Espeland på vegne av Espeland Kraft AS (SUS) datert 09.05.2011 om løyve til bygging av Espeland kraftverk i Odda kommune.

Dersom det skulle vise seg at det ikkje vil bli ei arealkonflikt med den nye vegtraseen vil NVE vurdere saka på nytt. Søknaden vil da bli registrert som ei ny sak.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er komen fram til partane og andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei klage skal vere grunngjeven og skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi føretrekkjer at de oversende klaga elektronisk til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

1. Førebels plankart over ny rv 13 ved Espeland. Kraftstasjonsplassering er vist med raud pil.



